

LOKALNYTT BREMANGER VINDKRAFT

Turbinar må flyttast på, og Bremangerlandet Vindpark må utgreiast på nytt meiner NTV.



KONFLIKT: NTV AS har leveringsplikt på TV-signal til områder som ligg i satelittskugge. Dei er uroa for at Bremangerlandet Vindkraft kan gjere det vanskeleg. Dette bildet er frå Smøla. Foto: Av Emelysjosasen – Eget verk CC BY-SA 4.0 <https://commons.wikimedia.org>

Av [Arne Hjorth Johansen](#)

18. februar 2020, kl. 11:27 ▾

BREMANGER: Fryktar at fleire kan miste TV-signala når vindkraftverket på Bremangerlandet kjem i drift.

DEL

f


...

ANNONSE

Etter at vindturbinane på Hennøy Vindkraftverk starta produksjonen opplevde alle med mottak av TV i Berle at dei mista, eller fekk dårlegare TV-signal. Kva vil skje den dagen Bremangerlandet Vindpark kjem i drift? Norges televisjon AS (NTV) som har ansvaret for å lever TV-signal i bakkenettet, er i eit høyringsfråsegn kritiske til planane for vindkraftverket slik det no ligg føre. Dei meiner at fleire område kan få problem med TV-signala, og er kritiske til den nye konsekvensutgreiinga som Teleplan har utført på vegner av utbyggjar.

Må sikre TV-signala

Då Olje- og energidepartementet i 2017 gjorde om NVE sitt vedtak, og opna for at vindkraftverket kunne realiserast, var det under føresetnad av at signala frå Bremangersendaren ikkje blei forstyrta av vindkraftverket. NTV sine interesser må sikrast, og før vindkraftverket kan etablerast må auka kunnskap om forholda rundt sendaren vere på plass.





KRITISK: Trude Malterud i NTV AS seier at endringane i planane for Bremangerlandet Vindkraft er så store at konsekvensane må utgreiast på nytt.

Foto: Presse

– Høyringsfråsegna frå oss er ei foreløpig tilbakemelding basert på teori og den erfaring vi har frå andre vindkraftutbyggingar. TV-signala frå Bremangersendaren er beskytta i anleggskonsesjonen gjennom eit særskild konsesjonsvilkår. Det er etter vår oppfatning ikkje varetatt i dei nye planane for Bremangerlandet vindkraftverk.

Det forklarar Trude Malterud. Ho er administrerende direktør i Norges televisjon AS, og NTV er kritisk til måten prosessen rundt etableringa av nye vindkraftverk har vore ført. Endringane i planane for vindkraftverket på Bremangerlandet gjer at prosjektet krev ei ny konsekvensutgreiing, meiner ho.

– Prosjektet på Bremangerlandet har endra seg mykje frå den første konsekvensutgreiinga. Årene går, teknologien utviklar seg. Vindmøllene har blitt større, men færre. Med dei endringane som er gjort så gjeld ikkje lenger dei fråsegna vi har gitt. Den må utgreiast på nytt.

Turbinar må flyttast på

Bremangersendaren er ein av dei viktigaste sendarane i nettverket til NTV. Den er ein av rundt 50 hovudsendarar, som forsyner andre sendarar med signal. Malterud er uroa for at turbinane på Bremangerlandet vil kome for nært opptil sendaren.

– Det er klart at vi må sjå nøye på kor turbinane skal stå. Bremangersendaren blir omringa av turbinar. Vi meiner generelt at det ikkje bør vere turbinar nærmare enn fire kilometer ifrå sendaren. Her vil den nærmaste stå berre 390 meter unna. Olje og Energidepartementet har sagt klart ifrå at utbyggar må ta omsyn til hovudsendaren. Det betyr at turbinar må flyttast på.

– *Trur du omsynet til TV-signala kan vere det som set ein stoppar for prosjektet med vindkraft på Bremangerlandet?*

– Det er ikkje mi oppgåve å spekulere i det. Men TV er viktig for folk, kanskje særleg i distrikta. Er det noko saka om TV-signala i Berle har vist så er det at du tullar ikkje med TV-signala til folk. Men eg må understreke at NTV ikkje er motstandar av vindkraft. Det finst vindkraftverk som ikkje forstyrrar TV-signala, og vi er opptatt av å få til sameksistens på ein god måte.

Løysing i Berle?

TV-signala i Berle er eit godt døme på utfordringane med dagens prosessar i vindkraftutbygginga, meiner Malterud. Her meinte i utgangspunktet NTV og Norkring at ei utbygging ikkje ville påverke TV-signala nemneverdig, men så blei prosjektet endra utan at det blei gjort ei ny konsekvensutgreiing.

– Hennøy vindpark viser utfordringane. Vi gav vårt fråsegn, så blei dimensjonane endra, og så blei det problem. Prosessane må bli betre på dette området. No har vi folk på plass ute i Berle for å hjelpe kundane med å få tilbake TV-signala. Ved å montere antennene på motsett vegg, eller snu på antenna og bruke ein annan refleksjon ser det

ut til å gå bra, men TV-signala kan endre seg med årstidene, så dette må observerast over tid før vi kan seie om det er ei tilfredsstillande løysing. Vi har heller ikkje fått hjelpt alle kundane enno, men arbeidet held på.

NTV driv kommersielt, og har eit ønske om avkasting på sine investeringar. I tillegg har dei eit spesielt ansvar for å få TV-signar fram til område som ligg i satellittskugge. Når det gjeld Bremangerlandet Vindkraftverk er det to til tre område som må undersøkast. Dei har vore i felt for utbyggar og gjort målingar, og dei vil vite meir når resultatata frå dei målingane ligg føre.

Lik Firdaposten på Facebook



Les meir om: [Lokalnytt](#) [Bremanger](#) [Vindkraft](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Fred Olsen betaler grenseoppgang i Høyanger: - Dei berre durar vidare, uavhengig av folkemeininga

ANNONSE

